

Eggum trekkplaster ved Bjørnebølfossen

21.07.2015



Jan Eggum held koken etter 40 år som artist

2 ganger har vergudane sett ein stoppar for Festifjellet. I år håpar arrangøren at det ikkje skal skje fordi dei er heldigare med stad for arrangementet. Det er ved Bjørnebølfossen der det ikkje berre blir musikalsk lokkemat, men eit program som inneheld både natur og kultur og har eit stort trekkplaster som heiter Jan Eggum. Sjølv om han no har heldt det gåande som visesongar i 40 år er han framleis i

vokster og har appell både til unge og eldre. Han verkar nærmast usliteleg. Fjellkonserten har ein songar til, den 26 år gamle Daniel Kvammen som etter sitt første album tidlegare i år vart kalla ein ferdigstøpt debutant. Han og Eggum vil truleg utfylle kvarandre på ein fin måte og sette eit punktum for Festidalen som folk vil hugse.



Nøkkelpersonar under Festijellet: Kjell Yri, Jan Petter Myhre, Mari Teigen Vikanes og Bjørn Olav Tveit

Men dagen startar med at folket inntek naturen i regi av Kvinnherad Turlag som lokkar med aaktivitetar for heile familien. Det vert klatring og rapelling, kanopadling, natursti, pinnebrødsteiking over open eldre, fjelltur og open gard på Gamle Bjørnebølet som eigarane opnar dørene for. Aktivitetane startar klokka 11.30 og vert avslutta klokka 13.45. Klokka 14 skal Eggum vera klår med gitaren. Heile arrangementet er slutt klokka 16,



- Vi kjenner oss tryggare på å lukkast på denne staden, seier Festidalensjefen Bjørn Olav Tveit under eit pressemøte i dag. Han karakteriserar Eggum som ein av landets mest folkekjære artistar og har også store forventningar til debutant Kvammen,

Kritikkarost debutant: Daniel Kvammen

Det er i det heile grunn til stor optimisme ettersom det er sold dobbelt så mange biletar som ifor på samme tid til Festidalen.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen og privat